



## Møteprotokoll for Utval for drift og utvikling

**Møtedato:** 17.12.2015  
**Møtestad:** Rådhuset - formannskapssalen  
**Møtetid:** 16:00-17:45

Møtet vart styrt av utvalsleiar Mabel Johansen.

Medlemmane var innkalla i skriv dagsett 10.12.2015.

UDU.sak 98/2015 vart handsama etter UDU.sak 88/2015.

Åse Sudmann, AP, var ugild ved handsaming UDU.sak 98/2015, - Grethe Wenche S. Sæthre møtte som vara i denne saka.

Asbjørn Larsen, AP, var ikkje til stades ved røysting i sak 96/2015.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Mabel Johansen	H	Utvalsleiar
Tormod Skurtveit	AP	Nestleiar
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Grethe W Sjøiland Sæthre	AP	Varamedlem
Tor Oscar Maaseide	FrP	Varamedlem
Leiv Jan Fosse	SP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Henriette Fennelly	FrP
Rune Lekven Skår	SP

### Desse møtte frå administrasjonen:

Sektorsjef teknisk Anny Bastesen, skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen, juridisk rådgjevar/byggesakskonsulent Tore Johan Erstad og landbrukssjef Laila Bjørge.

Før handsaming av utvalssakene orienterte skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen om lovverk knytta til handsaming av saker innan viltforvaltning og innan naturmangfald. Retningslinjer for viltfondet vart utlevert i møtet.

Protokollfører: Lillian Straumøy Brakstad

Utval for drift og utvikling  
18. desember 2015

Mabel Johansen  
Leiar

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

## Sakliste

Saknr	Tittel
88/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
89/2015	Godkjenning av møtebok frå møte 03.11.2015
90/2015	Referatsaker
91/2015	Delegerte saker
92/2015	GBNR 56/7 - Klage over avslag på søknad om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona for utlegging av flytebrygge
93/2015	Klage på avslag om dispensasjon frå arealformål i kommuneplan for frådelling og oppretting av ny grunneigedom til bustadformål på gbnr. 9/10 i Meland kommune
94/2015	Høyring og offentleg ettersyn - Konsekvensutgreiing for flytting av Blom Fiskeoppdrettsanlegg frå Laksevika til Trollholet
95/2015	Søknad om støtte frå viltfondet til prosjektet "Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu"
96/2015	Kommunalt tilskot til landbruksføremaal 2015 - budsjettpost 14700 603 3290
97/2015	GBNR 51104 - Søknad om dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplanen sin arealdel og byggjegrense mot sjø - Tilkomstveg til fritidsbustad
98/2015	GBNR 1/57 og 1/284 - FRAMO - Søknad om dispensasjon frå plankrav for utfylling i sjø
99/2015	Aktuelle saker

## **88/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

Det kom framlegg om at sak 98/2015 vert handsama etter sak 88/2015.

### **UDU - 88/2015 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 98/2015 vert handsama etter sak 88/2015.

---

## **89/2015: Godkjenning av møtebok frå møte 03.11.2015**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjent.

### **17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 89/2015 VEDTAK:**

Møtebok for Utval for drift og utvikling 03.11.2015 vert godkjent utan merknader.

---

## **90/2015: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

### **17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

Skriv vedk *Informasjon om omsynsone Mjåtveitelva i ny kommuneplan* vart utdelt i møtet.

### **UDU - 90/2015 VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering.

---

## **91/2015: Delegerte saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

## **17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 91/2015 VEDTAK:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

---

## **92/2015: GBNR 56/7 - Klage over avslag på søknad om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona for utlegging av flytebrygge**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 27.11.15 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at avslaget av 4.11.2015, sak 393/2015, vert omgjort. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd."

## **17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

### **UDU - 92/2015 VEDTAK:**

"Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 27.11.15 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at avslaget av 4.11.2015, sak 393/2015, vert omgjort. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunnlag for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd."

---

## **93/2015: Klage på avslag om dispensasjon frå arealformål i kommuneplan for frådeling og oppretting av ny grunneigedom til bustadformål på gbnr. 9/10 i Meland kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling finn at klage journalført 19.11.2015 ikkje inneheld ny grunngeving eller nye opplysningar som tilseier at avslaget av 4.11.2015, sak 392/2015, vert omgjort. Klagen vert difor ikkje tatt til følgje. Det vert vist til saksutgreiing og vurderinga over som grunnlag for vedtaket.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.»

## 17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Framlegg til vedtak frå Tor Oscar Maaseide, FrP:

"Saka vert utsett. Utvalet vil føreta synfaring på neste møte."

**Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Tor Oscar Maaseide, FrP, 9 røyster for, 0 i mot og er samrøystes vedteke.**

### UDU - 93/2015 VEDTAK:

"Saka vert utsett. Utvalet vil føreta synfaring på neste møte."

---

## 94/2015: Høyring og offentleg ettersyn - Konsekvensutgreiing for flytting av Blom Fiskeoppdrettsanlegg frå Laksevika til Trollholet

### Rådmannen sitt framlegg:

«Utval for drift og utvikling vedtek å leggje konsekvensutgreiing journalført 04.12.2015 ut på høyring og offentleg ettersyn, i samsvar med reglane i *forskrift om konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningslova*. Frist for å gje uttale skal minimum vere på 6 veker. Deretter skal dispensasjonsspørsmålet behandlast på nytt. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova (pbl) §§ 19-1, jf. pbl §§ 1-1 og 19-2.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

## 17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

### UDU - 94/2015 VEDTAK:

«Utval for drift og utvikling vedtek å leggje konsekvensutgreiing journalført 04.12.2015 ut på høyring og offentleg ettersyn, i samsvar med reglane i *forskrift om konsekvensutredning for planer etter plan- og bygningslova*. Frist for å gje uttale skal minimum vere på 6 veker. Deretter skal dispensasjonsspørsmålet behandlast på nytt. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova (pbl) §§ 19-1, jf. pbl §§ 1-1 og 19-2.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

## **95/2015: Søknad om støtte frå viltfondet til prosjektet "Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu"**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling avslår søknad om økonomisk støtte frå viltfondet til prosjektet Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu, då ein grunna lite midlar må prioritera allereie planlagde tiltak. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i retningslinjer for viltfondet i Meland kommune, som er heimla i forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.»

### **17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

#### **UDU - 95/2015 VEDTAK:**

«Utval for drift og utvikling avslår søknad om økonomisk støtte frå viltfondet til prosjektet Verknad av hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog av gran og furu, då ein grunna lite midlar må prioritera allereie planlagde tiltak. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i retningslinjer for viltfondet i Meland kommune, som er heimla i forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.»

---

## **96/2015: Kommunalt tilskot til landbruksføremaal 2015 - budsjettpost 14700 603 3290**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift- og utvikling løyver kr. 10 000 til Norsk landbruksrådgiving Hordaland for 2015. Tilskotet vert dekkja av budsjettpost 14700 603 3290

Administrasjonen får fullmakt til å avgjera søknader om tilskot til landbruksføremaal administrativt for 2015 innanfor ramma til budsjettpost 14700 603 3290. Grøfting er prioritert område.”

### **17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

Asbjørn Larsen, AP, forlot møtet under handsaminga av saka. Vedtak vart gjort med 8 medlemmar.

#### **UDU - 96/2015 VEDTAK:**

«Utval for drift- og utvikling løyver kr. 10 000 til Norsk landbruksrådgiving Hordaland for 2015. Tilskotet vert dekkja av budsjettpost 14700 603 3290

Administrasjonen får fullmakt til å avgjera søknader om tilskot til landbruksføremaal administrativt for 2015 innanfor ramma til budsjettpost 14700 603 3290. Grøfting er prioritert område.”

---

**97/2015: GBNR 51104 - Søknad om dispensasjon frå LNF-formål i kommuneplanen sin arealdel og byggjegrænse mot sjø - Tilkomstveg til fritidsbustad**

**Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6 dispensasjon frå forbodet mot tiltak på eigedom med status som LNF-spreidd friluftsbustad (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel og forbodet mot bygging i 100-metersbeltet langs sjø for opparbeiding av tilkomstveg til gbnr 51/104 i Meland kommune.

Det vert stilt følgjande vilkår for dispensasjonen:

Tilkomstvegen skal tilpassast terrenget på eigedomen på best mogleg måte. Dokumentasjon av planlagd utføring for gjennomføring av dette vilkåret skalsendast inn før det vert gjeve løyve til tiltaket etter pbl kap 20. Før det vert gjeve ferdigattest må tiltakshavar dokumentere at utføring til oppfylling av vilkåret er gjennomført.»

**17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

**UDU - 97/2015 VEDTAK - mot 1 røyst (MDG):**

«Utval for drift og utvikling gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6 dispensasjon frå forbodet mot tiltak på eigedom med status som LNF-spreidd friluftsbustad (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel og forbodet mot bygging i 100-metersbeltet langs sjø for opparbeiding av tilkomstveg til gbnr 51/104 i Meland kommune.

Det vert stilt følgjande vilkår for dispensasjonen:

Tilkomstvegen skal tilpassast terrenget på eigedomen på best mogleg måte. Dokumentasjon av planlagd utføring for gjennomføring av dette vilkåret skalsendast inn før det vert gjeve løyve til tiltaket etter pbl kap 20. Før det vert gjeve ferdigattest må tiltakshavar dokumentere at utføring til oppfylling av vilkåret er gjennomført.»

---

**98/2015: GBNR 1/57 og 1/284 - FRAMO - Søknad om dispensasjon frå plankrav for utfylling i sjø**

**Rådmannen sitt framlegg:**

«Utval for drift og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6 dispensasjon frå krav om utarbeiding av reguleringsplan i kommuneplanføresegn 1.2 for utfylling av sjøareal mellom eksisterande industrianlegg på gbnr. 1/57 og gbnr 1/284 (Gudmundsholmen) i Meland kommune, jf søknad frå Multiconsult journalført 15.10.2015. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunngeving for vedtaket.



Det gjeld følgjande vilkår for dispensasjonen:

(1) Planarbeid i samsvar med pbl kap 12, jf § 12-8, skal skje seinast innan 18 månader etter dispensasjonen vert rettskraftig (endelig).

(2) Saman med søknad om løyve til tiltaket skal det leggjast ved situasjonsplan og teikningar som detaljert viser tilkomst, trafikkareal, avslutning mot sjø, opparbeiding av grøntstruktur og murar – under dette òg materialbruk – og bruken av det omsøkte arealet elles. Situasjonsplanen skal vere utforma med tanke på at totalinntrykket av heile tiltaket utsjånadsmessig vert tilfredsstillande. Prosjektering og utføring av uteareal og landskapsutforming skal vere belagt med ansvarsrettar i samsvar med pbl. § 32-3 jf. §§ 23-4 – 23-6.

(3) Den omsøkte eigedomen må ikkje tilførast ureine massar, jf. Forurensingsloven m/tilhøyrande forskrift. I samsvar med tilråding i rapport frå Rådgivande Biologer AS av 25.8.2014 skal steinmassar vaskast før deponering i sjø. Vidare skal det utanfor fyllingsområdet utplasserast oppsamlingsskjørt/lenser medan anleggsarbeida held på.

(4) I samsvar med tilråding frå Rådgivande Biologer AS skal utfylling i sjø ikkje skje i den årlege gyte-, vekst- og spreingsperioden for kysttorsken; februar – mai.

(5) Før det vert gitt løyve til tiltaket etter pbl kap 20 skal det liggje føre godkjenning av tiltaket frå Bergen og Omland Havnevesen, samt dokumentasjon som stadfestar at eventuelle krav eller pålegg frå havnevesenet vert stetta.

(6) Søknadspliktige byggjearbeid kan ikkje starte før det er gitt løyve etter pbl kap 20, jf pbl § 21-4 fjerde ledd.

(7) Kommunen kan gjennom byggjesakshandsaming etter pbl kap 20 stille krav om justering av fyllingsfot i samsvar med arealformåls grensa i kommuneplanen.

(8) Det må liggje føre løyve til utfylling i sjø etter forureiningsforskrifta kap 22 før utfylling i sjø kan settast i gang.

## **17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

Åse Sudmann, AP, gjorde merksam på at ho har sendt nabomerknad til søknaden, og ba utvalet vurdere om ho er ugild.

**Avrøysting: 8 røyster for at Åse Sudmann er ugild i saka, 0 i mot.**

Grethe Wenche S. Sæthre møtte som varamann i denne saka.

Juridisk rådgjevar/byggjesakskonsulent Tore Johan Erstad orienterte om søknaden og tilhøve til gjeldande kommuneplanen.

### **UDU - 98/2015 VEDTAK - mot 1 røyst (MDG):**

«Utval for drift og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6 dispensasjon frå krav om utarbeiding av reguleringsplan i kommuneplanføresegn 1.2 for utfylling av sjøareal mellom eksisterande industrianlegg på gbnr. 1/57 og gbnr 1/284 (Gudmundsholmen) i Meland kommune, jf søknad frå Multiconsult journalført 15.10.2015. Det vert vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor som grunngjeving for vedtaket.

Det gjeld følgjande vilkår for dispensasjonen:

(1) Planarbeid i samsvar med pbl kap 12, jf § 12-8, skal skje seinast innan 18 månader etter dispensasjonen vert rettskraftig (endelig).

(2) Saman med søknad om løyve til tiltaket skal det leggjast ved situasjonsplan og teikningar som detaljert viser tilkomst, trafikkareal, avslutning mot sjø, opparbeiding av grøntstruktur og murar – under dette òg materialbruk – og bruken av det omsøkte arealet elles. Situasjonsplanen skal vere utforma med tanke på at totalinntrykket av heile tiltaket utsjånadsmessig vert tilfredsstillande. Prosjektering og utføring av uteareal og landskapsutforming skal vere belagt med ansvarsrettar i samsvar med pbl. § 32-3 jf. §§ 23-4 – 23-6.

(3) Den omsøkte eigedomen må ikkje tilførast ureine massar, jf. Forurensingsloven m/tilhøyrande forskrift. I samsvar med tilråding i rapport frå Rådgivende Biologer AS av 25.8.2014 skal steinmassar vaskast før deponering i sjø. Vidare skal det utanfor fyllingsområdet utplasserast oppsamlings skjørt/lenser medan anleggsarbeida held på.

(4) I samsvar med tilråding frå Rådgivande Biologer AS skal utfylling i sjø ikkje skje i den årlege gyte-, vekst- og spreingsperioden for kysttorsken; februar – mai.

(5) Før det vert gitt løyve til tiltaket etter pbl kap 20 skal det liggje føre godkjenning av tiltaket frå Bergen og Omland Havnevesen, samt dokumentasjon som stadfestar at eventuelle krav eller pålegg frå havnevesenet vert stetta.

(6) Søknadspliktige byggjearbeid kan ikkje starte før det er gitt løyve etter pbl kap 20, jf pbl § 21-4 fjerde ledd.

(7) Kommunen kan gjennom byggjesakshandsaming etter pbl kap 20 stille krav om justering av fyllingsfot i samsvar med arealformåls grensa i kommuneplanen.

(8) Det må liggje føre løyve til utfylling i sjø etter forureiningsforskrifta kap 22 før utfylling i sjø kan settast i gang.

-----

## **99/2015: Aktuelle saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **17.12.2015 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING**

##### **UDU - 99/2015**

**Erling Rønnestad, KrF:** Etterlyste svar om veglys på lo kai.

Administrasjonen: Det føreligg ingen planar om veglys på lo kai. Veglysutbygging vert prioritert i høve til trafikktryggleik og skulevegar.

##### **Asbjørn Larsen, AP:**

1. Framdrift for tiltak mot forueining i Rosslandspollen.

Administrasjonen: Tiltaket ligg inne i tiltaksplan for VA - sanering Rosslandspollen. Prosjektet er teke med i økonomiplan 2016.

2. Alternativ framlegg til vedtak i politiske saker, jf tema i formannskapsmøtet.

Administrasjonen orienterte om tidlegare praksis og vanskar med å vidareføre dette i nytt sakssystem. Administrasjonen vil avvente avklaring frå rådmannen.

3. Ikkje samsvar mellom opplysningar i søknad og innteikna areal på kart. Vert tiltakshavar kontakta?

Administrasjonen: Tiltakshavar vert orientert og fakta vert korrigert i samsvar med tiltakshavar.

**Tor Oscar Maaseide, FrP:** Kan feil i kart frå tiltakshavar si side verte grunn til avslag?

Administrasjonen: Sjeldan sak vert avslått grunna feil i søknad, - sakshandsamar tek gjerne kontakt med tiltakshavar for å oppklare det som er uklart.

**Carina Garnes Reigstad, MDG:** Nummerering/link til vedlegg i sakspapir.

Administrasjonen: Saksystemet til kommunen legg føringar for kva ein kan gjere og ikkje. Politikarportal vil venteleg opne for nye moglegheiter.

##### **Handsaming av dispensasjonssaker etter ny kommuneplan**

Asbjørn Larsen, AP, meiner administrasjonen og regionale instansar avslår saker i for stor grad med bakgrunn i ny kommuneplan.

Tor Oscar Maaseide, FrP - innspel til gjeldande kommuneplan som ikkje kom med i planen medfører at tiltakshavar må vente til rullering av planen før innspel kan verte godkjend. Dette får

konsekvensar for utviklinga i kommunen.

Tormod Skurtveit, AP - dispensasjonssøknader i høve til kommuneplanen vert politisk handsama. Utvalet står fritt til å gje dispensasjon eller avslå.

Fredrik Seliussen, H - kommuneplanen er ein overordna plan og arealdelen legg føringar for styring av planarbeidet i kommunen.

Administrasjonen - kommuneplanen er eit styringsverktøy. Søknader om dispensasjon skal handsamast i samsvar med gjeldande planar og lovverk. Arealdelen i kommuneplanen skal rullerast kvart 4. år.

**Neste møte i UDU vil grunna synfaring starte kl 14.00.**

---